

HAUGESUND MUSEUM

ÅRSHEFTE 1935 - 1945

UTGITT AV MUSEUMS- OG HISTORIELAGET
FOR HAUGESUND OG BYGDENE

HAUGESUND 1946

SENTRALTRYKKERIET A/S, HAUGESUND

MINNEORD

Det er med vemod og med takk me i dette skriftet minnes tvo av museumslaget sine gjævaste medlemer og berande krefter i museumsarbeidet i Haugesund, lærar John A. Døsseland og redaktør Heming R. Skre. Dei har gjennom sitt grunnleggjande arbeid i museet skrive namna sine i museumssoga i Haugesund for alle tider. Og nå er dei burte. Dei døydde i krigsåra baa tvo. Døsseland slokna den 3. mars 1940, berre fem veker før landet vårt kom under det framande redselsveldet som øydela og myrda så mange av våre beste søner og millom dei Heming R. Skre.



John A. Døsseland

hadde sær s givnad fra museumsarbeid. Han hadde røtene sine i ein rik gamal bondekultur. Endå han var både fødd og oppvaksen i Haugesund, rekna han seg for kvinnherding. I Kvinnherad hørde

ætta hans heime. Han var byrg av det og heldt ved like slektsbandet heilt til dei siste åra han levde. Det er ikkje tvil om at det var det rike bondekulturmiljøet han alt i barneåra vart kjend med i Kvinneradbygdene som vekte hugen og interessa for det arbeidet som på hans eldre dagar kom til å verta livsverket hans.

Museet i Haugesund er Døsseland sitt verk. Det var han som stod attum mest alltid når det var nokon som slo offentleg frampå om museum i Haugesund. Han var blyg og det baud han imot å stikka seg fram, men han var ein meister i å få fram dei som saka hadde bruk for. Slik fekk han samla ihop dei han meinte var dei rette til å løysa museumsspursmålet, og Museums- og historielaget for Haugesund og bygdene vart skipa.

I dei åra som fylgde, heilt til eitpar veker før han døydde, var Døsseland stødt på farten for museet. Han fekk idéane og forma planane, og han drog sjølv sakene til samlingane. Han tok avskil med skulen ved oppnådd aldersgrensa i 1927, tvo år etter at museums- og historielaget var skipa, og sidan ofra han all si tid på museet som nå var i emning. Den dagen museet vart opna, 26. november 1932, sa formannen, stadsfysikus Rønnevig, i opningstalen sin: «Uten Døsseland hadde museet ikke vært til idag. Han har vært og er dets ildsjel».

Døsseland hadde fått i gåva dei fleste av dei eigenskapane ein museumsmann bør ha. Eg vil nemna fantasi, teft og nøyaktighet som dei mest karakteristiske for han. Han hadde ei sers evne til å spora opp alt som hadde verde for museet. Han har reist og farta bygdene kring på kryss og tvers. Fra gard til gard gjekk han, bad om lov til å få sjå på loft, i uthus og naust. Slik var det og i byen. Det meste av bysamlingane er hans verk. Sjølv har han drege ein stor del av det til samlingane. Han hadde den noko uvanlege eigenskapen for ein museumsmann at alle greiner av samlararbeidet var hjarteborna hans. «Det har vært både min styrke og min svakhet at jeg ikke har spesialisert meg», sa han ein gong talen var om dette. Hadde han i unge år spesialisert seg i eit museumsfag, vilde han sikkert ha vorte ein vidspurd mann. Endå han rekna seg for amatør, visste han so mykje at faglærde museumsfolk ofte kom til kort. Men Døsseland kjende si avgrensing. Han vilde ha utlærde fagfolk til å vera med når samlingane skulde stillast opp og det elles skulde takast større avgjerder. Haugesund museum skulde vera ein institusjon som heldt vitskapleg mål, sa han. Det var hans

draum at museet her skulde verta ein kulturhistorisk institusjon. Oppbygd etter strengt vitenskaplege krav skulde det gi eit bilete av vestnorsk kultur frå forhistorisk tid og fram til dei slektled som lever nå.

Både museet og byen og bygdene her skuldar Døsseland stor takk for det store og grunnleggjande arbeidet han gjorde. Han gjorde det utan løn og ofte vart det lite påakta.



John A. Døsseland var fødd i Haugesund 29. juni 1862. Han tok eksamen ved Stord lærarskule 1882, berre 20 år gamal. Etter eit års vikariat ved folkeskulen og millomskulen i Haugesund vart han frå nyåret 1883 fast tilsett som lærar ved den høgre skulen. Han utdana seg vidare ved kurser i gymnastikk i 1886 og 88, i Oslo, og i sløyd i 1891 og 98 i Bergen og Stavanger. Han gjorde òg ferder i utlandet for å sjå og læra. I 1927 tok han avskil. Han hadde då vore lærar ved same skulen i 45 år.

Ogso på andre omkverve enn skulen og museet har Døsseland sett varande merke etter seg i kulturlivet i Haugesund. I 1890 var han med og skipa Haugesunds Turnforening og vart den første instruktøren. Han var med og skipa Haugesunds Folkebibliotek i 1893 og var bibliotekar frå 1893—1900. Vidare var han med og fekk igong folkeakademiet og den tekniske kveldskulen. Haugesunds arbeiderakademi var og noko han prøvde å få igong, og han freista å få istand ein yrkesskule til opplæring i fiske, fangst og tilvirking. Særleg disse tvo siste tiltaka syner det sterke sosiale synet hans, og kor klårt han såg framover. Det er saker som nett idag står fremst mellom dei sosial-kulturelle samfunnsoppgåvene.

Døsseland fekk i 1923 kongens fortenstmedalje i gull, og få har fortent han betre enn han gjorde.

N. H. Tuastad.



Heming R. Skre

døydde i ein tysk konsentrasjonsleir eit av dei siste krigsåra. Me veit ikkje noko visst om kva tid og på kva måte han døydde. Tyskarane hadde dømt han til døden og rekna han for ein fårleg mann. Han var N.N.-fange («Nacht und Nebel»-), han fekk korkje ta imot eller senda brev og fekk nok heller ikkje matpakkar utanfrå. Men ein sjeldan gong kunde han gjennom medfangar få smugla ut ei helsing heim. Ein skyna av det at han ikkje var knekt, men tvertom full av von og planar for framtida. Dette var noko av det mest sermerkte med Heming Skre. Han let seg aldri kuva og var alltid sterkt oppteken med noko, full av arbeidshug og energi.

Arbeidshug og energi var karakterdrag som kom til å merka det arbeidet han gjorde i museet, og her ser me får etter han overalt i samlingane. Det meste av dei utstilte ting han har registrert og skrive utgreidingar til. Han hadde sers lett for å læra på eiga hand, ved sjølvstudium, og det kom til stor nytta då museet skulde skipast til. Skre fekk tak i handbøker og musemslitteratur. Han var den praktiske museumsmann. Han arbeidde i avisa om dagen og i museet om kveldane til langt på natt. Når eg ser på det nå, så er det mest ufatteleg at han kunde koma over så mykje i fritida si. Det kom av at han var eit uvanleg arbeidsjarn og at han arbeidde lett og snart.

Skre var ikkje berre den praktiske museumsmannen. Arbeidet her førde han tidleg inn på den vitskaplege sida ved museums-

arbeidet, og han vart etter kvart sterkt gripen av dette. Han var vel heime i den gamle norrøne litteraturen. Med den som grunnlag var det berre naturleg at han kom til å gi seg i kast med problem som knyter seg til dei rike minne me har her på Haugalandet fra forhistorisk tid.

I museet sitt 10-årsskrift (1935) gjer Skre i ein artikkel «Kultminne ved Avaldsnes og på Haugaland», greide for nokre merkelege resultat han er komen til ved etterrøkjingar han har gjort på Avaldsnes. Det syner seg etter dei målingar og observasjonar Skre gjorde, at bronsealderhaugane på Reheiå, Flaghaugen og Jomfru Marias synål ved Avaldsneskyrkja og Dei fem dårlege jomfruver ved Salhus er orientert etter visse sol-liner. Det same gjeld ei rekkja bautaer og andre fornminne her. Det tyder på eit solkultsystem, einslags sentralkultusplass for eit større distrikt med mange mindre kultstader orientert etter same systemet i faste liner etter sentralkultplassen. Det vil føra for vidt å koma nærmare inn på det her. Dei som vil vita meir, viser eg til Skre sine eigne utggreidingar, «Museet i Haugesund», 1935. Det er endå nokre eksemplarer til sals i museet, likeså serprent av Skres artikkel. Vidare viser eg interesserte til artikkelen «Redaktør Heming R. Skre, Minneord», av politimeistar Svein Steinsnes (Hgsd. Avis 8. nov. 1945).

Det var stadnamna i distriktet her som førde Skre inn på denne heilt nye vegen i forhistorisk granskararbeid i Noreg. Han vilde prøva om han kunde finna nokon samanheng eller slektskap mellom stadnamna og dei gamle fornminnene. Medan han arbeidde med dette fann han ut at her er visse faste høve eller forhold som går att. Dei resultat han i 1935 offentleggjorde var i grunnen frå hans sida berre meint som ei innleidingsorientering for det verkelege vitskaplege arbeidet som måtte verta eit resultat av den oppdaginga han nett då hadde gjort. Han rekna med at vitskapsmenn vilde føra arbeidet vidare. Det såg likevel ikkje ut til at dei vilde tru retteleg på det som denne sjølv lærde granskaren hadde funne ut. Og det er sant at det ser reint fantastisk ut med det same, men di meir ein set seg inn i dette granskararbeidet til Skre di vissare vert ein på at det er verkeleg eit genialt arbeid. Det må verta ei oppgåva for museums- og historielaget å få kontrollert dei observasjonane og målingane Skre har gjort, la fagfolk kontrollmæla med nogg. granne instrument, noko som Skre ikkje hadde høve til å gjera. Vert resultatet det same som Skre kom til med sine ufullkomne

mølingar, så må det vera ei æressak for oss å få ført vidare dette granskararbeidet til Skre. Sjølv arbeidde han mykje med desse ting i åra ogso etter 1935. Han sa sjølv at han vart meir og meir viss i si sak. Kann hende me på grunnlag av notatar og teikningar som er att etter han kann finna ut nye resultat han var komen til dei siste åra.*) Museet kan ikkje reisa han noko verdigare og høvelegare minnesmerke enn å fullføra det arbeidet han tok opp og var komen så godt i veg med.

*

Ivar Heming Rasmussen Skre vart fødd den 22. mars 1897 i Borre i Vestfold, der faren Ivar Rasmussen var lærar. Faren laut slutta som lærar for skuld sjukdom og kjøpte ein liten gard på Skre i Førdesfjorden, og der vaks Heming og dei andre syskina hans opp. Ivar Rasmussen var ein ihuga norskdomsman. Han hadde eit sers vart språkøyra, hadde lett for å skriva og skreiv ogso mykje. Ei tid var han medstyrar i «Norsk Barneblad» og han skreiv den første kyrkjesoga på nynorsk. I det heile var han ein uvanleg gåverig mann.

Heming slekta nok mykje på faren, han gjekk i hans fotefar og tok opp hans merkesaker. Etter at han vart vaksen gjekk han ein vinter på Voss folkehøgskule. Der, under Lars Eskeland sitt kateter, fekk han rikeleg nøring for dei hugmål som alt var vekt hjå han i heimen. Det vart elles all skulegonga hans etter folkeskulen. Men han var eit jarn til å lesa og studera på eiga hand. Han lærde seg fleire framande mål, til og med russisk las han. Men det som interessera han mest var gamalnorsk, og der vart han etter kvart vel heime.

I 1922 overtok Heming farsgarden på Skre. Ved sida av gardsarbeidet var han ogso organist i Avaldsnes og Førdesfjorden. Frå 1925—36 var han journalist i Haugesunds Avis. I 1936 vart han redaksjonssekretær i Gula Tidend, Bergen. Bladet stogga då krigen

*) Medan Skre sat i fengsel i Kiel fortalte han i kronikkar som han heldt for dei norske medfangane sine, om dei merkelege fornminne ved Karmsundet. Av det dei som kom heim att har fortalt oss om dette skyner me at Skre ogso i fengslet dreiv med dette granskararbeidet. Han tyktest ogso vera komen til nye resultat. Og det er truleg at han har sendt inn til fengselsstyret ei utgreiding, kanskje saman med søknad om benådning. Me har endå ikkje fått sikker greide på dette, men arbeidar vidare med saka.

braut ut i 1940, og Skre tok då til å gi ut vekebladet For Bygd og By. Han dreiv dette bladet til han i 1941 vart arrestera av tyskerane.

I 1929 gav Skre ut det originale og merkelige diktverket «Hamarsheimt», bygd på Eddakvadet og skrive i det gamalnorske versmålet. Til Olavsjubileet 1930 skreiv han ei Olavskantate som han fekk premi for. I tevlinga var med fleire kjende diktarar. Her må me og nemna at Skre var skriftstyrar for 10-årsskriftet vårt «Museet i Haugesund 1925—35». Likeeins var han skriftstyrar for boka «Avaldsnes herad» utgjevi av Avaldsnes formannskap til 100 årshøgtida for formannskapslova av 1937. Skre var i tvo periodar, frå 1934 medlem av Avaldsnes formannskap.

I det første styremøtet etter freden heldt formannen, dr. Rønnevig, ein minnetale over Heming Skre. Han skildra i varme ord Skre som det store og hjartegode mennesket, den heilhuga nordmannen og den iherdige og dugande museumsmannen som har gjort eit stort og varande arbeid for museet i Haugesund. Han lyste fred over minnet. Styret hørde talen ståande.
